



Sund kommune  
Postboks 23  
5371 Skogsvåg

Trondheim, 05.02.2018

Dykkar ref.:  
[Dykkar ref.]

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):  
2014/1660

Sakshandsamar:  
Heidi Grete Betten

## Utbetaling av tilsegn - Statleg medverknad til sikring av Sætravika gnr 12 bnr 112 i Sund kommune som friluftslivsområde for ålmenta

Vi viser til vårt brev om tilsegn av 14.09.2009 og kommunen sine brev av 20.12.2017 og 04.01.2018 der det blir bedt om utbetaling i saka.

Miljødirektoratet vil utbetale **kr. 1.480.091,-** til kommunen sin bankkonto **3470 09 50850**. Det kan gå inntil 30 dagar før utbetalinga blir gjennomført.

Direktoratet ser med dette sikringa av området som gjennomført, og vi vonar arealet blir ein verdifull tilvekst til friluftslivstilbodet i kommunen og regionen.

Vi vil minne om at kommunen kan søkje om statlege midlar til tilrettelegging av statleg sikra friluftslivsområde. Dette gjeld tiltak i forvaltningsplan som er godkjent av fylkesmannen på vegne av staten som grunneigar/rettshavar. Dersom dette er aktuelt sender de søknad til Hordaland fylkeskommune via elektronisk søknadssenter.

Ved informasjon om og marknadsføring av friluftslivsområdet ynskjer vi at det blir vist til den økonomiske medverknaden frå staten ved Miljødirektoratet.

Helsing  
Miljødirektoratet

*Dette dokumentet er elektronisk godkjend*

Terje Qvam  
seksjonsleiar

Heidi Grete Betten  
seniorrådgjevar

Tenk miljø - velg digital postkasse frå e-Boks eller Digipost på [www.norge.no](http://www.norge.no).

Kopi til:

Bergen og omland friluftsråd	Hellebakken 45	5039	BERGEN
Hordaland fylkeskommune	Boks 7900	5020	Bergen
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen